



VOLDA KOMMUNE

Brannvern avdeling

SJEKKLISTE FOR MONTERING OG KONTROLL AV ELDSTAD

Forskrift av 26.06.02 om brannførebyggjande tiltak og brannsyn, § 2-4: "Eigar skal melde frå til kommunen når det vert innstallert ny eldstad eller foreteke andre vesentlege endringar ved fyringsanlegget."

Eigedomens adresse		Gnr	Bnr	Fnr
Eigar	Adresse		Postnr	Stad
Montør	Adresse		Postnr	Stad
Eldstad, type og fabrikk		Effekt i kW	Brenseltype	
Skorsteinstype (Eks. tegel, type elementskorstein)		Dimensjon i cm ²	Tal eldstader på skorsteinen	
Installasjonen kontrollert av	Adresse		Postnr	Stad
Kvalifikasjonar				

Fylgjande vart kontrollert av montør under installasjonen

Kontrollpunkt	OK	Ikkje OK
Er eldstaden montert etter monteringsrettleiing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er avstanden til brannmur kontrollert	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er avstanden til brennbart materiell kontrollert	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er avstanden til tak kontrollert	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er det plate under og framfor eldstaden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tåler golvet vekta av eldstaden med omraming	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kan eldstaden med røykrøyr feiast	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er eldstaden sikra tilstrekkeleg tilførsel av forbrenningsluft	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er røykrøret montert i skorstein etter skorsteinsprodusentens rettleiing	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er skorsteinen egna for tilkopling av denne eldstaden	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har skorsteinen passende dimensjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fins produktdokumentasjon med monteringsrettleiing på byggjeplassen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Installert

Stad	Dato	Montør
------	------	--------

Kontrollerklæring

Installasjonen er kontrollert ved hjelp av:

Utfylt sjekklister	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Visuell kontroll	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Røyk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Videokamera	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Anna		

Installasjonen er kontrollert og funnet i orden

Stad	Dato	Kontrollør
------	------	------------

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058700
Telefaks:

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Råd og tips ved motering og bruk av eldstader.

Etter plan- og bygningslova skal alle oppføringar og endringar på skorsteinar godkjennast av bygningsmyndet i kommunen.

Etter brannlova skal all installasjon og endring av eldstader meldast til brannvernet i kommunen.

Husk også at installasjon av eldstad må kontrollerast av ein kvalifisert kontrollør før det vert teke i bruk.

Kvalifisert kontrollør kan vera feiar, murmeister, varmemeforhandlar eller andre med tilstrekkeleg kompetanse. Det er ein fordel at denne kontrollen vert dokumentert skriftleg.

Monteringsretteleinga frå leverandøren av eldstad og skorstein må alltid fylgjast.

Det er derfor viktig å fylle ut og ta vare på kopi av skjemaet på neste side som dokumentasjon ved tilsyn / kontroll frå brannvernet. Dokumentasjon av rett montert eldstad er og viktig ved kjøp og sal av eigedomen.

Fyr med tørr ved

Tørr ved gir høgt varmeutbytte av brenselet, lite sot i skorsteinen og minimal forureining.

Ferskt trevirke inneheld ca 60% vatn. Dersom veden er godt tørka er vassinnhaldet redusert til 20% og varmeutbyttet vert 2,5 gonger større.

Ikkje bruk bensin, parafin eller andre brannfarlege væsker til opptenning.

Fyr med god trekk

Det trengs mykje luft til god forbrenning. Hyppige ilegg med små mengder brensel og god varme i omnen gir god forbrenning og er ein god fyringsvane. Med små ilegg unngår ein så kraftig fyring at det oppstår skade på omn og skorstein.

Unngå rundfyring

Når ein fyrer med omnen full av ved og med trekken gjennskrudd vert det dårleg forbrenning og det kan på denne måten danne seg beksot i skorsteinen, som kan ta fyr. Det kan også ved denne fyringa kome utblåsingar frå omnen som kan gi store sotskader i bustaden. I verste fall kan giftig gass leke ut i romma og føre til forgifting.

Dersom sotbrann

Dersom sotbrann oppstår må ein straks stenge att alle omnsventilar og luker som fører til skorsteinen. Ver spesielt merksam på peisspjeld. (Vert det fyr i peisen må det sjølvsagt ikkje stengast). Hald godt auge med loft og kjeller og eventuell røykutvikling ved etasjeskilla og dei stadane der treverk kjem nær inn til skorsteinen.

Slokkinga bør ein overlate til brannvernet. (Ring 110)

Etter brannen må skorsteinen kontrollerast av feiar.

Ta gjeme kontakt med brannvernet i kommunen ved spørsmål om installasjon av eldstader og andre spørsmål om skorstein og feiing.

Helsing brannvernet Volda kommune.